


Kasta til ulvane



Side 18–19

Gassterminal i Høyanger

SFE Naturgass har bygd ein gassterminal i Florø. No vurderer selskapet å byggje ein terminal også i Høyanger.

Side 10



Gloppen med størst tilflytting

Etter fleire år med minustal tronar Gloppen øvst på statistikken over folketalsutviklinga i fylket. – Vi søkte mangfald og utvikling, og fann det i Gloppen, seier Ann-Kristin Vik Fløtre som med mannen Terje og borna Oda og Bendik kom flyttande frå Bærum. Side 6–7

Leitar etter ubåt-investorar



Anders Haave i Stavang i Flora har no fått tak i ein russisk ubåt og jaktar etter investorar for å realisere prosjektet sitt. Side 16–17

Planlegg stort kraftverk i Jølstra



Arkivfoto: Arne Stubhaug

Sunnfjord Energi planlegg ei storstila utbygging av Jølster-vassdraget, med tunnel frå Jølstravatnet til Mo. I tillegg er tanken å byggje ut ei rekkje småelvar rundt Jølstravatnet.

– Vi ønskjer å samarbeide med grunneigarane, seier administrerende direktør Per Storegjerde (biletet). Side 4 –5

TRYGT HEIM FOR

Spesielt for deg som er ung
 Ta kontakt skriftleg eller muntleg med:
 Sogn og Fjordane fylkeskommune
 Regionalavdelinga
 Askedalen 2 - 6863 Leikanger
 E-post: postmottak@sf-f.kommune.no

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Oppstart natt til 22. august 2004.

Rutene startar opp att etter sommarferien. Det blir køyrt kvar natt til søndag, i tillegg kjem natt til 17. mai 2005.

Rutene går frå desse stadene:
 • Førde • Sogndal • Florø • Sandane • Eid

For detaljerte ruter. Sjå etter plakatar.

NB! Nokre nye ruter i Førde.

Skulebøker

Libris

Økland * Libris

2. ETASJE, HANDELSHUSET
 Tlf.: 57 72 00 00 • Fax: 57 72 00 01
 Du finn oss på www.bokland.no

Hemsedal

Det skjer mye i Hemsedal i høst:

27-29.8: FJELLROKKEN med D.D.E og Hellbillies
 3-5.9: Kulturhelg
 10-12.9: Hestmarked og ACG Challenge
 17-19.9: Mat, øl og vinhelg
 24-26.9: Aktivitetshelg uke 40 & 41: Familieuker

Leilighet til 4 fra kr 700/helg
 Storhytte til 12 fra kr 1400/helg
 Hotell fra kr 360 per pers/dagn
Booking tlf: 32 05 50 60

www.hemsedal.com



Promillekontroll i Høyanger

HØYANGER: Det vart ingen utslag då politiet i Høyanger fredag morgon hadde promillekontroll. I alt 65 bilistar vart stoppa, opplyser politibetjent Arnt Olav Aas til Firda. Kontrollen fann stad på Rv 55 mellom Nordeide og Høyanger, og varte frå klokka 6 til klokka 8.

Pleie- og omsorgssjef i Gloppen



GLOPPEN: 1. september tek Hilde Yndestad Halland (42) til som ny pleie- og omsorgssjef i Gloppen. Ho kjem frå ei tilsvarende stilling i Jølster kommune.

Låg produksjon av straum

Produksjonen av straum i juni 2004 har ikkje vore på eit lågare nivå sidan same månad i 1996. Produksjonen var 7742 GWh som er 9,4 prosent lågare enn snittet denne månaden dei siste ti åra, melder Statistisk sentralbyrå (SSB). Bruttoforbruket innanlands var 8116 GWh og auka med 3,6 prosent frå juni i 2003.

God jordbærseesong



GLOPPEN: Axel Spencer Gloppe i Gloppen Produsentlag melder om ein veldig god jordbærseesong, skriv Firda Tidend. Godt vær med nok sol og nedbør har ført til at jordbæra har fått modne i passeleg tempo. Dessverre vart ikkje bringebærseesongen like god.

26 søkjarar til ei stilling

ASKVOLL: Heile 26 søkjarar har meldt seg til ei 80 % stilling som kultur- og informasjonssjef i Askvoll kommune.

Søkjarane er: Ainar B Friestad, Dale, Bernt Olsen, Florø, Bjørn Arne Mjåseth, Atløy, Else Havik, Håfrsford, Helga Kleppe, Bergen, Hilde J. Schei, Førde, Ingeborg Vibe, Oslo, Kari N. Hansen, Byrknesøy, Kari R. Nilsen, Vega, Lene Gjelsvik, Askvoll, Linn S. Bjerke, Trondheim, Magnar B. Thuland, Askvoll, Magni Straume, Bergen, Marianne Ask, Askvoll, May Britt Hovland, Trondheim, Mette Langeid, Bergen, Monika Sjøstad, Stadeland, Morten Askvik, Askvoll, Normann-Andre Kleiven, Førde, Oddveig Lyngstad, Holmedal, Ole Per Schei, Førde, Pål Henriksen, Laksevåg, Solveig S. Sundal, Førde, Terje Haugen, Atløy, Øyvind Svaleng, Mo i Rana og Jo Sigurd Aurvoll, Fauske.

Tilsetjing i stillinga vil skje i løpet av veke 35.

Vil ha tunnel Jøl

Sunnfjord Energi ønskjer å invitere grunneigarane langs Jølstra, frå Mo til Vassenden, med i eit stort kraftverk der vatnet blir henta i tunnel frå Jølstravatnet.

JØLSTER

Sigurd Løseth
sigurd.loseth@firda.no



– Eit godt prosjekt både økonomisk og samfunnsmessig, seier administrerende direktør Per Storegjerde.

Prosjektet i Jølstra, som i arbeidet med Samla Plan på 1980-talet vart kalla Stakaldefossen II, kan utnytte fallhøgda på 160 meter frå Jølstravatnet til Movatnet.


Avhengig av vassmengda ein finn å kunne sleppe igjennom systemet, kan ein få ein kraftproduksjon på 100 – 150 GWh. I dag produserer Sunnfjord Energi 155 GWh i sine anlegg i Jølstra – Stakaldefossen, Brulandsfossen og Mo.

Administrerende direktør Per Storegjerde er svært nølande med å omtale planane ettersom dei enno ikkje har fått snakka med grunneigarane, men i årsmeldinga for 2003 heiter det at selskapet bør arbeide vidare for ei utbygging i Jølstravassdraget der selskapet allereie har hovudtyngda av produksjonen sin.

Samarbeid

– Jølstravatnet er allereie regulert og Sunnfjord Energi tenkjer seg ei utbygging av elva i takt med tida, både teknisk og organisasjonsmessig. Med det meiner vi ei utbygging etter grunn- og fallrettseigarane sine interesser, og dessutan den samfunnsmessige interessa, seier Storegjerde.

I Kjosnesfjorden var det til dømes grunneigarane som tok initiativet og søkte hjelp hjå eit lokalt kraftselskap. For grunneigarane langs Jølstra kan ei utbygging åleine bli i tyngste laget. Ein tyngre aktør må inn, og sidan Sunnfjord Energi alt disponerer rundt ein tredjepart av fallrettane frå Movatnet til Jølstravatnet, er det naturleg at



Sunnfjord Energi tek eit initiativ, seier han.

Fornuftig utnytting

Fleire grunneigarar langs hovudløpet har lufta tanken om ei utbygging på avgrensa strekningar, og det første småkraftverket er allereie i drift.

– Vår erfaring er at ein vanskeleg får brukar økonomi ved utbygging med lita fallhøg. Det er såleis betre å samle utbyggingsinteressene slik ein får større fallhøg. Dette ligg bak

tankane våre om ei vidare utnytting av Jølstra. Grunneigarane må tilbydast eigarinteresser som i eit vanleg småkraftverk om det vert satsa på eit Stakaldefossen II, understrekar Storegjerde.

– Det vi tenkjer oss, er at vi på ein fornuftig måte utnyttar fallhøgdene frå Jølstravatnet til Movatnet. Jølstravatnet ligg på 207 meter, Movatnet på 40. Det gir ei fallhøg på vel 160 meter som i delar av året kan gje ein god del elektrisk produksjon, seier han.

Storegjerde kan lokke med eit prosjekt der utrekningane viser svært god økonomi.

Lønsamt

– Teknisk sett er det ei enkel affære som ikkje vil vise i terrenget i det heile. Nokre kilometer med tunnel frå Movatnet til Jølstravatnet, og eit kraftverk som ligg inne i fjellet, mest naturleg under Stakaldefossen der linjenett og andre tunge installasjonar allereie er komplette, seier Storegjerde som i

«Fjordglytt»-ombygginga utsett

Fylkesbaatane har utsett ombygginga av katamaranen «Fjordglytt», som fraktar gods og passasjerar i Flora-bassenget.

FLORA

Knut Magnussen
knut.magnussen@firda.no

Det oppstod krise i øyane utanfor Florø på seinvinteren, med tomme tankar hois drivstoffleverandørane etter at Sjøfartsdi-

rektoratet ikkje lenger ville gje «Fjordglytt» dispensasjon for å frakte farleg gods, mellom anna bensin. Årsaka var skjerpa krav til hurtigbåtar mellom anna som følgje av «Sleipner»-tragedien.

For å bote på problema inngjekk Fylkesbaatane avtale med «Solkongen», eigentleg eit selskap for blåskjeloppdrett, om at den inntil vidare skulle ta seg av drivstoffleveransane til øyane. FSF og Flora kommune beslutta seinare å bygge om

«Fjordglytt» slik at den skulle stette alle krav til transport av farleg gods. Ombygginga skulle starte i neste veke, men er no utsett.

Årsaka til dette er, ifølgje driftsjef Terje Stub hos FSF, sjukdom i direktoratet. Retningslinjene og krava til ei slik ombygging er kompliserte, og FSF vil difor vente til den naudsynte kompetansen er på plass. Akkurat når det kan skje, er ikkje klart, seier Stub.

Inntil vidare vil transportva-



M/S «fjordglytt»

talen med «Solkongen» halde fram. «Fjordglytt» skal uansett på verkstad i ei veke frå 25. september for rutinemessig klasing og vedlikehald.

stravatnet – Mo



MÅ FORNYAST: Til grunn for utbyggingsplanane ligg også det faktum at den gamle kraftstasjonen i Stakaldefossen er over 50 år og treng fornying. Foto: Sigurd Løseth

samarbeid med grunneigarar og styresmakter vil ha ei utbygging som ivaretek både fiske og miljø.

Full styring


– Ved å gå inn i Jølstravatnet med tunnel kan du ta ut den vassmengde som du ønskjer og ha full styring. Dette kan vere til fordel både for folk, miljø og fiske. Du kan unngå skadeflau-

mar og la vatnet renne i elva i dei periodar det bør renne der. Folk flest vil ikkje merke noko slag, bortsett frå at skadeflaumane forsvinn.

– Såleis er det ikkje snakk om å tørleggje Jølstra, og heller ikkje øydeleggje for dei som alt har bygt småkraftverk i elva. Vi må finne fram til ein fornuftig måte å gjere dette på, i samarbeid med alle gode krefter, seier

Storegjerde som minner om at det er brei politisk semje på Stortinget om innføring av «grøne sertifikat» som skal stimulere til større uttak av fornybar energi som eit slikt kraftverk vil gjere.

– Stakaldefossen er ein gammal stasjon, over 50 år, og treng snart fornying, seier Per Storegjerde.



SER FRAMOVER: Administrerende direktør Per Storegjerde i Sunnfjord Energi ønskjer å hente nye kilowatt ut av Jølstra og meiner det best kan gjerast med ein tunnel frå Mo til Jølstravatnet.

Arkivfoto: Olav Øygard

Ser på mange sideelvar

I samarbeid med grunneigarane ser Sunnfjord Energi på ei rekkje småelvar rundt Jølstervassdraget med tanke på kraftutbygging.

Samla kan det vere snakk om ein produksjon på over 200 GWh, avhengig av korleis ein vel å bygge ut.

– Mange av dei som har fallrettar, er interesserte i å bygge ut. Vi har ei rekkje ting på gang

i samarbeid med grunneigarane i Jølstervassdraget, og det er noko liknande vi kan tenkje oss i hovudløpet, seier administrerende direktør Per Storegjerde.

Han legg ikkje skjul på at mange av prosjekta er svært lønnsame.

– Enkelte er reine draumen. Så kvifor la millionane rulle forbi husdøra og ikkje gjere noko med det? spør Storegjerde.

18:00 (tallet er atten)

P.S. Husk å levere Lotto-kupongen før klokken seks idag.

LOTTO
WWW.NORSK-TIPPING.NO